

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 28.04.2008  
Sakhandsamar: Leif Johan Røthe, Terje Arne Krokvik, Hans Stenby  
Saka gjeld: **MOBA 3. etasje innreiing Helse Stavanger HF**

**Arkivsak**  
2007/617/  
**Styresak 040/08 B**

**Styremøte 07.05. 2008**

---

## Innleiing:

Styret i Helse Stavanger HF behandlet styresak 099/07 B Helse Stavanger HF Budsjett 2008 den 29. november 2007 og fattet følgjende vedtak:

1. Styret tar forslag til budsjett 2008 til foreløpig orientering.
2. Det fremmes egen sak om innredning av 3. etasje i MOBA i forkant av endelig budsjettbehandling i møte 21.12.07.

Ny sak for innreiing av MOBA 3 etasje ble fremmet i sak 111/07 B 21.12.2007

Styret i Helse Stavanger HF fatta følgjande vedtak:

1. Styret godkjenner innredning av ny etasje som beskrevet i denne saken og som bygger på vedtak i sak 063/07 og 076/07.
2. Styret godkjenner rammen for investeringer for 2008 som framlagt. MOBA 3. etasje gis en ramme på 212 mill som totalkostnad.
3. Styret godkjenner rammen for 2008 i den vedlagte 5 års plan med investeringer på inntil 426 som oppstillet under Finansiering av investeringene.
4. Styret ber om at saken oversendes til Helse Vest RHF for behandling og godkjenning i styret for Helse Vest RHF.

## Bakgrunn:

På bakgrunn av Helse Stavanger HF styrets vedtak i oktober 2006 om at Stavanger Universitetssjukehus (SUS) skulle være på Våland i "overskuelig framtid", blei det utarbeidd forslag om å utvida MOBA-prosjektet med ein ny 3 etasje. For å få effektiv framdrift med minst mulig risiko, ble det foreslått at prosjektet skulle gjennomføres i to trinn – trinn ein råbygg og trinn to innredning.

Saken ble forelagt styret for Helse Stavanger HF i november/desember 2006, sak 088/06 B, som vedtok bygging av råbygg og førebuing av innreiing av den nye etasjen. I styremøtet 19. mars sak 021/ 07 vedtok styret prinsippet for korleis konsept og fordeling av areal for ny etasje skulle være. I samme sak ble det gjort greie for kostnadsrisikoen med ulike val for framdrift av prosjektet.

## **Kommentarar:**

### **1. MOBA-bygget**

MOBA er ein ny konstruksjon då det både skal vere eit akuttmottak med observasjonssenger. MOBA skal erstatte dagens akuttmottak og vere ei korttids behandlingseining. Det skal vere eit akuttmottak med framskutt kompetanse og med høve til å observera pasienten over noko tid, samt gje behandling til dei pasientane som ikkje treng lengre innlegging i sengepost.

Det er samla planlagt 48 senger i observasjons og behandlingseininga (OBA) og 5 luftsmitteisolat.

Ombygging av eksisterande akuttmottak er også ein del av prosjektet.

Saka blei behandla av styret i Helse Vest RHF 14.02.07, jf sak 15/07 og styret i Helse Vest RHF slutta seg til framtidig utbyggingsstrategi for Helse Stavanger HF slik det går fram av vedtaket ovanfor. Det betyr at sjukehuset vil bli på Våland noko lenger enn ein tidligare har sett føre seg.

Dette gav grunnlag for ei nærare vurdering av korleis ein kunne utnytta og betra dei bygningsmessige tilhøva på dagens sjukehusområde.

### **2. Råbygg for ein ny etasje**

Styret i Helse Stavanger HF gjekk i første omgang inn for bygging av et råbygg for ein ny etasje på MOBA-bygget, jf sak 88/06 i møte 08.12.06. I dette arbeidet inngjekk:

- Flytting av teknisk rom opp ein etasje.
- Forsterking av fundamenter under radiologisk utstyr i plan 1
- Montering av betongelement (vegger og tak)
- Glas og aluminiumsarbeid
- Forlenging av heisar, trapper og tekniske føringar
- Taktekking m.v.
- Utvendige tømrararbeid og innvendige tekniske sjakter.
- Hulltaking og montering av oppstikk for VVS og elektrisitet.

Montering av betongelementa blei påbegynt 01.06.07 og ferdigstilt medio september 07.

Tett bygg for ny etasje blei ferdigstilt medio oktober 07.

Arealet for den nye etasjen er 3240 kvm bruttoareal. Kostnadane for råbygget blei berekna til 34 millionar kroner.

### **3. Innreiking av ny etasje**

Det er fremma følgjande forslag til innreiking av den nye etasjen:

- intensivavdeling med isolat
- kardiologisk intervensjonseining med 3 PCI laboratorium og rom for utvikling av simuleringsteknikkar

Intensivavdelinga vil bestå av:

- 13 senger i avdeling
- 2 luftsmitteisolat tilrettelagt for intensivbehandling
- 3 kontaktsmitteisolat som er tilrettelagt for intensiv behandling
- 3 luftsmitteisolat som blir disponert av andre avdelingar

Dette betyr at dei isolata som var planlagt lagt til dei første etasjane blir flytta opp til ny tredje etasje og at det blir 8 isolat. I det arealet som her blir frigjort blir det lagt:

- 2 røntgenlaboratorium med operasjonsstove standard
- 2 CT laboratorium

Nedanfor gjev ein oversikt over kva som opphavleg var planlagt og kva som kjem i tillegg med ein ny etasje samt kva som blir endra:

Plan i bygget	Opphavleg MOBA	MOBA m/råbygg ny etasje	MOBA med innreiing av ny etasje
T-etasje	Serviceareal	Som opphavleg	Som opphavleg
U-etasje - inngang	Akuttmottak, akuttpoliklinikk, prøvetakingseining	Som opphavleg	Som opphavleg
Plan 1	48 senger i observasjons og behandlingseinig (OBA), 5 luftmitteisolat kor 2 blir innreia for intensiv behandling	48 senger i observasjons og behandlingseinig (OBA)	48 senger i observasjons og behandlingseinig (OBA), 2 røntgenlaboratorium m/operasjonsstue standard, 2 Ct-laboratorium
Plan 2	Ikkje planlagt	Råbygg	18 intensivsenger kor 3 er kontaktsmitte og 2 luftmitteisolat, 3 luftmitteisolat for infeksjonsmedisin, kardiologisk intervensjonseinig med 3 PCI-lab og en simuleringslab.

I samband med bygging av råbygg er innreiing av isolata utsett til innreiing av ny etasje. Dette har også konsekvensar for organisering av isolata. Dei er planlagt som del av OBA-eininga. Ved ein ny etasje på bygget mellom anna for intensiveininga er det naturleg å legge isolata til denne eininga.

#### 4. Driftsmessige og organisatoriske konsekvensar

Det er i utgangspunktet ikkje føresett vesentlege organisatoriske endringar mellom klinikkane som følgje av MOBA-bygget. Intensivavdelinga vil fortsett vere ein del av akuttklinikken og den kardiologiske verksemda med PCI m.m. vil vere ein del av medisinsk klinikk. Dei respektive fagavdelingane vil ha ansvar for intervensjon innan radiologi og kirurgi/gynekologi.

Det er sett i verk eit organisasjonsprosjekt knytt til auka bruk av pasienthotellet, auka dagkirurgi og bruk av MOBA-bygget (SUS 2008). Det vil kunne skje organisasjonsmessige endringar som følgje av dette prosjektet.

MOBA-bygget skal kunne takast i bruk innan den ressursramma som Helse Stavanger HF har.

Bygget gir også moglegheit for ein betydeleg kapasitetsutviding. I den grad det krev auka ressursar både i form av personell og utstyr må det handsamast på vanleg måte i samband med budsjettbehandlinga.

Det er ikkje tatt endeleg stilling til bruk av dei areala som blir fråflytta. Helse Stavanger må derfor snarast utarbeide ein plan for korleis dei fråflytta areala skal disponerast. Her må og dei økonomiske effektane knytt til arealdisponeringa, flytting av utstyr, avstenging av areal etc. synleggjerast og takast med i den samla investeringskalkylen.

Ideelt sett burde desse forholda vore klarlagt på dette stadiet.

Det er og føresett at drifta av nybygget ikkje skal gje ein meirbelastning på resultatet.

Organisasjonsutviklingsdelen er beskrivne på eit overordna nivå. Det er viktig å ikkje sette i verk eit

byggeprosjekt før også organisasjonsutviklingsdelen er detaljprosjektert. Dette for å sikre at ein oppnår dei ønska økonomiske og driftsmessige effektane.

## **5. Investeringskostnadar og finansiering**

Den kostnadsramma som ligg i styrevedtaket i Helse Stavanger HF, jf ovanfor, på 212 mill. kr er basert på ein kalkyle med 85 % sikkerheit, dvs at det er 85 % sikkerheit for at kostnaden ikkje vil bli høgare.

Helse Stavanger har i sak 111/07 B gjort greie for det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringsplanane. Dette inneber at finansieringa av MOBA 3. etasje skal dekkast innafor ramma av kapitaltilskot og at det ikkje er behov for å ta opp lån til gjennomføringa av prosjektet. Føretaket er tildelt lån på kr 100 mill i 2007 til gjennomføring av nytt bygg for barne-og ungdomspsykiatrien (BUPA) prosjektet med oppstart i 2008. Helse Stavanger HF må derfor prioritere investeringane på ein slik måte at framdrifta i BUPA prosjektet ikkje blir skadelidande som følgje av MOBA-bygget. Helse Stavanger HF har no retta spørsmål til Helse Vest om det er mulig å få tildelt ytterlegare eit lån på kr 100 mill for å sikre det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringsprosjekta og unngå utsetting av prioriterte prosjekt..

Når det gjeld nybygget for barne- og ungdomspsykiatrien (BUPA), er ein no inne i forhandlingar med aktuelle leverandørar etter gjennomført anbodskonkurranse. Mykje taler for at bygget blir vesentleg dyrare enn det som ligg inne i kalkylane (kr. 210 mill.)

Innreiinga av 3. etasje vil gje Helse Stavanger ein auka kostnad til renter, avskrivning og drift på om lag kr 26 mill. I dette beløpet inngår kr 12 mill til renter av lån, kr 4 mill til driftskostnader og kr 10 mill til bemanning luftsmitte-isolater. Auken i kostnader må dekkast innafor den ordinære drifta. Helse Stavanger har ikkje synleggjort konkret korleis dei skal tilpasse seg denne kostnadsauken. I tillegg ligg no Helse Stavanger etter 3 månader drift kr 40 mill dårlegare enn budsjett. Dette er med å skapar ei ekstra utfordring i høve til å nå resultatkravet, til delvis eigenfinansiering av investeringar og til å oppretthalde tilstrekkeleg likviditet i verksemda.

Administrerande direktør vil ta opp med Helse- og omsorgsdepartementet muligheita for tildeling av lån på kr 100 mill til Helse Stavanger etter at føretaket har dokumentert at dei har kontroll på drifta, avklart kostnadsnivået på BUPA samt dokumentert korleis driftskonsekvensane skal løysast.

Det blir elles vist til sak 010/08 B som omhandlar investeringar og lån 2008 samt orientering om 5-årig investeringsplan.

## **6. Bygg & Eigedom**

### **6.1 Byggtekniske løysingar**

Ved bygging av MOBA 1. og 2. etasje blei det vedteke av Helse Stavanger HF styret å bygge ein 3. etasje, som skulle innreist på eit seinare tidspunkt.

### **6.2 Bygge kontraktar for innreiing 3 etasje.**

Helse Stavanger HF har vurdert muligheitene for at dei eksisterande kontraktane som var inngått for 1. og 2. etasje kunne utvidast til også å gjelda for 3. etasje. Dette vil det ikkje vera høve til, då det ikkje er lagt inn opsjonar i dei tidligare kontraktane.

Av den grunn må innreiinga av 3. etasje MOBA lysast ut på anbod etter gjeldande reglar.

## 7. Framdrift

Helse Stavanger HF hadde planlagt følgjande gjennomføring av prosjektet:

- Kontrahering av innreiingsarbeida skjer gjennom ein open anbodskonkurranse.
- Anbudsgrunnlaga skal utarbeidast (ca 2 mnd) og utlysning skjer ca mai 08.
- Innreiingskontraktar blir tildelt august 08.
- Innreiingsarbeidet startar september 08 med byggetid 9 – 12 månader
- Driftsstart ny etasje over sommarferien 2009.

Det er tatt høgde for at det skal vera normal drift i bygget under arbeidet med 3. etasjen. Det kan være aktuelt å stanse drifta i deler av MOBA ved innreiing av MOBA 3. etasje.

## 8. Tilråding

Administrerande direktør ser positivt på prosjektet som er fremja, og ønskjer å bidra til gjennomføring. Samtidig er det viktig å få arbeidet med risikoanalysen, driftskonsekvensane, samt bruk av frigjorte areal i eksisterande byggingsmasse integrert i prosjektet på ein fullgod måte.

Slik det kan sjå ut treng og Helse Stavanger HF ekstra finansiering på ca 100 mill, for å ikkje pressa likviditeten i selskapet.

Innreiing av 3. etasje MOBA er eit sentralt prosjekt for styrking og vidareutvikling av pasienttilbodet i Helse Stavanger. Før prosjektet kan godkjennast må etter administrerande direktør si vurdering følgjande føresetnader innfriast:

- Føretaket må dokumentere kontroll over drifta
- Kostnadene for BUPA-bygget og eventuelle andre prosjekt må klargjerast
- Revidert investeringsbudsjett for 2008 samt 5årig investeringsplan må utarbeidast
- Det må utarbeidast fornya dokumentasjon på driftskonsekvensane og korleis desse skal løysast
- Lånesøknad blir tatt opp med Helse- og omsorgsdepartementet parallelt med dette arbeidet.

## Forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Vest RHF ser positivt å innreiing av ny 3. etasje MOBA.
2. Styret i Helse Vest RHF ønskjer likevel ikkje å ta stilling til innreiing av 3. etasje MOBA før følgjande forhold er avklara:
  - a) Helse Stavanger må dokumentera at dei har kontroll over kostnadsutviklinga i føretaket
  - b) Helse Stavanger må avklare kostnadsnivået til BUPA og eventuelt andre prioriterte prosjekt
  - c) Helse Stavanger må oppdatere sin investeringsplan for 2008 samt den 5 årige investeringsplanen
  - d) Helse Stavanger må utarbeide fornya dokumentasjon på driftskonsekvensane knytt til innreiing av 3. etasje samt korleis ledige areal i eksisterande byggingsmasse skal nyttast.
  - e) Lånesøknad på kr 100 mill blir tatt opp med Helse- og omsorgsdepartementet parallelt med dette arbeidet.